

Flora kontrollutval

SEKOM-sekretariat

MØTEBOK

Møtedato: 25.02.2015

Møtetid:


Kl. 09:30 – 13:35

Møtestad: Rådhuset

	Faste medlemar	Møtte	Forfall	Merknader
1	Bjarne Holme, leiar	X		
2	Ingvar T Myrvollen, nestleiar	X		
3	Björg Mikalsen	X		
4	Eva Richter	X		
5	Berit Hovland	X		
	Personlege varamedlemar	Møtte	Forfall	Merknader
1	John Arvid Svanøe			
2	Einar Jacobsen			
3	Gunn Jansen			
4	Henning Ryland			
5	Kirstin Willis			
Andre som møtte				
SEKOM-sekretariat ved Arnar Helgheim				
Rådmann Terje Heggheim (sak 9, 10 og 11), personalsjef Trond Ramstad-Olsen (sak 9, 11 og deler av sak 10) og controller Berit S Osa				
KRYSS Revisjon ved Terje Førde				


Sak nr.	Sakstittel
009/15	Godkjenning av innkalling og sakliste
010/15	Skriv og meldingar 24.2.15
011/15	Flora rådhus - synfaring
012/15	Temamøte om kontrollutvalet si rolle - Flora bystyre
013/15	Uavhengighetserklæring frå oppdragsansvarleg revisor
014/15	Oppfølgingsliste 2 - 2015
015/15	Eventuelt

Underskrifter:


Bjarne Holme, leiar


Ingvar T Myrvollen


Björg Mikalsen


Eva Richter


Berit Hovland

SEKOM-sekretariat

009/15: Godkjenning av innkalling og sakliste

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Handsaming i Flora kontrollutval 25.02.2015:

Saker til Eventuelt frå Ingvar T Myrvollen:

AnnONSE frå Fjordkysten i samband med Engebø.

Eikefjord skule inkl hall. Status i høve finansiering.

Samrøystes som tilrådinga.

FLO-009/15 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent.

...

010/15: Skriv og meldingar 24.2.15

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

Handsaming i Flora kontrollutval 25.02.2015:

På grunn av tidsplan for varaordførar, vart gjennomgangen i sak 10, skriv og meldingar avbroten etter pkt 1 og sak 12 vart teken opp til handsaming.

Skriv og melding nr 1_ Oppfølging til kontrollutvalsmøte 25.2.15 – svar frå rådmannen:

1. Etiske retningslinjer – rutinar ved tilsetjing av nære slektningar.

Informasjon ved rådmann Terje Heggheim og personalsjef Trond Ramstad-Olsen. Habilitet vert vurdert og personalsjef er med i tilsetjingsprosess når det vert vurdert aktuelt.

Flora kommune vil vurdere omtale av politikk i høve nær slektskap mellom leiar og underordna i etiske retningslinjer.

2. Oppfølging av bystyrevedtak – system for oversikt
Informasjon ved rådmann Terje Heggheim. Han delte ut vedtaks- og aktivitetsliste og gjekk gjennom oppbygginga av denne. Kontrollutvalet gav positiv tilbakemelding.

3. Transparency International – korleis er dette handsama i bystyret
Hadsama i bystyret den 13. mai. Ordlyd i bystyret sitt vedtak:

1. *Flora Bystyre er positiv til at det skal vere høg fokus på antikorrupsjonsarbeid, og vil evaluere Flora kommune sine egne retningslinjer, slik at dei dekker alle etikkområder, også korrupsjon.*
2. *Flora Bystyre ser det som naturleg at etiske retningslinjer vert innarbeidd i samfunnsplanen ved neste rullering av planen.*
3. *Flora kommune skal ha handsaming av korrupsjon og egne etiske reglar som tema på framtidig folkevaldopplæring.*
4. *Medlemskap i Transparency International vert å komme tilbake til i eiga sak, der kommunen si rolle i eit slikt medlemskap er meir utgreidd.*

4. Tilskot til private barnehagar – er det utbetalt til barnehagane jf klage 2014
Informasjon ved controller Berit S Osa. Dette er oppgjort.

Byggesak på Nordnes:

Kontrollutvalet ber rådmannen om ei kort utgreiing knytt til byggesak på Nordnes – anten munnleg eller skriftleg.

Ikkje innvilga permisjon for NKRF-seminar:

Kontrollutvalet ber rådmannen om ei kort utgreiing knytt til regelverk opp mot dette avslaget. Anten munnleg eller skriftleg.

Samrøystes som tilrådinga.

FLO-010/15 Vedtak:

Skriv og meldingar vert tekne til orientering.

...

011/15: Flora rådhus - synfaring

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Informasjonen vert teken til orientering.

...

Handsaming i Flora kontrollutval 25.02.2015:

Samrøystes som tilrådinga.

FLO-011/15 Vedtak:

Informasjonen vert teken til orientering.

...

012/15: Temamøte om kontrollutvalet si rolle - Flora bystyre

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Saka vert lagt fram utan tilråding.

...

Handsaming i Flora kontrollutval 25.02.2015:

På grunn av tidsplan for varaordførar, vart gjennomgangen i sak 10, skriv og meldingar avbroten etter pkt 1 og sak 12 vart teken opp til handsaming.

Ordførar har meldt tilbake pr e-post i dag, 25.2.15:

«Eg er dessverre forhindra frå å møte i dag. Viser til tidlegare vurderingar når det gjeld temadag om kontrollutvalets rolle i bystyret. Det vil ikkje bli lagt opp til å gjennomføre dette i inneværande periode. Ordførar har forståelse for at KU har ønsket dette, og eg beklagar at dette har dradd for langt ut i tid. Tema er viktig, så eg har bedt rådmann å sørge for at dette tema blir prioritert under folkevaldopplæringa etter valget i høst».

Kontrollutvalet kalla inn vararordførar i ordførar sin stad og vararordførar Jan Henrik Nygård møtte.

Kontrollutvalet ser føre seg eit slikt opplegg:

- Ca 20 minutt innlegg ved Revisjonssjef Terje Førde. Terje Førde lagar ein presentasjon som han sender ut til medlemane på førehand for innspel.
- Ca 10 minutt til spørsmål med meir.
- Alle kontrollutvalsmedlemene er til stades i møtet.

Sekretariatet sender vedtak og førespurnad om tilbakemelding seinast fredag 27.2. Dersom det ikkje er kome svar til sekretariatet seinast fredag, tek ein kontakt med leiar og nesteleiar i utvalet.

Framlegg i møtet:

Dersom det ikkje på nokon måte er mogeleg med temadag, meiner kontrollutvalet at eit minimum må vere ei informasjonssak på ca ½ time i bystyremøte 17. mars.

Samrøystes som framlegg i møtet.

FLO-012/15 Vedtak:

Dersom det ikkje på nokon måte er mogeleg med temadag, meiner kontrollutvalet at eit minimum må vere ei informasjonssak på ca ½ time i bystyremøte 17. mars.

...

013/15: Uavhengighetserklæring frå oppdragsansvarleg revisor

Tilråding frå SEKOM-sekretariat:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor si eiga vurdering av uavhengigheit datert 20.1.15 til orientering.

...

Handsaming i Flora kontrollutval 25.02.2015:

Samrøystes som tilrådinga.

FLO-013/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tek oppdragsansvarleg revisor si eiga vurdering av uavhengigheit datert 20.1.15 til orientering.

...

014/15: Oppfølgingsliste 2 - 2015

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

Handsaming i Flora kontrollutval 25.02.2015:

Samrøystes som tilrådinga.

FLO-014/15 Vedtak:

Kontrollutvalet tar gjennomgangen av oppfølgingslista til orientering.

...

015/15: Eventuelt

Tilråding:

(Kontrollutvalet gjer endeleg vedtak).

Handsaming i Flora kontrollutval 25.02.2015:

Eikefjord skule inkl hall. Status i høve finansiering:

Rådmannen informerte om status. Prosjektkomiteen kan skrive under ei totalentreprise om det er innanfor råma. Alternativt går saka til bystyret.

Annonse frå Fjordkysten i samband med Engebø. Spørsmål frå Ingvar T Myrvollen om ei heil/halvoffentleg verksemd kan bruke sine budsjett til annonsering for å påverke politiske beslutningar.

Kontrollutvalet ønskjer Flora kommune si ROS-analyse som sak på neste møte.

FLO-015/15 Vedtak:

...